

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/16	Kommunestyret	PS	14.04.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FA - Q89	15/948

Offentleg høyring og ettersyn - Kommunedelplan for trafikksikring 2016 - 2023

Vedlegg

Trafikksikringspla

Framlegg til vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 11-14.

Kommunestyret - 038/16 - 14.04.2016

KS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 11-14.

Saksopplysninger:

Trafikksikringsplanen som no vert anbefalt lagt ut til offentleg ettersyn og høyring er ein revisjon av gjeldande trafikksikringsplan frå 2009. Planen er utarbeid av Norconsult. Vidare har det i kommunen vert ei intern arbeidsgruppe som består av Per Lerøy, Torleiv Frotjold, Hilde Tråer Hardang og Thomas Lindås.

Det har under arbeidet med revisjon av planen blitt lagt vekt på samordning med overordna planar, særleg Hordaland fylkes trafikkttryggleiksplan har vorte betydeleg vektlagt. Dette sikrar samanheng

mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Austrheim kommune sitt arbeid med å verte godkjent som Trafikksikker Kommune har og våre ein viktig del av arbeidet med revisjon av trafikksikringsplanen og knyt såleis trafikksikringsplanen saman med dette arbeidet.

Under arbeidet med revisjon av trafikksikringsplanen har det blitt gjort analyse av trafikkulykker i kommunen frå 01.01.2009 – 31.12.2015. Vidare har ein og kartlagt utryggleik blant skuleelevar, organisasjonar og innbyggjarar i kommunen. Det kom totalt 75 innspel frå elevar og 11 innspel frå organisasjonar og innbyggjarar. Kvart enkelt av innspela er vurdert konkret og vekta. Dette har resultert i prioritert liste over fysiske tiltak samt oversikt over haldningsskapande arbeid. Arbeidet med Trafikksikker Kommune er ein viktig del av det haldningsskapande arbeidet i kommunen.

Med bakgrunn i overståande samt vedlagt plan rår Rådmannen til at revidert trafikksikringsplan vert lagt ut til offentleg ellersyn og høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 11-14.